



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
27.01.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/1263
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

Fordeling av midlar i Hordaland - Tilskot til drenering av jordbruksjord 2014

Det er sett av 100 millionar kroner til tilskot for drenering også i 2014. Hordaland har fått tildelt 1,9 millionar av dette, same sum som i 2013.

Mest tilskot der behovet er størst

Av dei tildelte midla i 2014 har Fylkesmannen i Hordaland fordelt 1,6 mill kr mellom kommunane. Tildelinga har vore basert på storleik av fulldyrka areal i kommunen, med halv vekting av overflatedyrka areal i tillegg. Vidare har vi teke omsyn til forbruk av midlar i 2013. Dei kommunane som ut frå dette har størst behov for pengar, får større del av tilskotspotten.

Kommunane med felles landbruksforvaltning får tildelt ei felles sum for dei aktuelle kommunane. Tildelinga kjem fram av tabell side 2.

Ubrukte midlar

Midlar som er ubrukte i 2013 blir trekt inn og fordelt ut igjen til kommunane med same sum. Årsaka til at kommunen får pengane tilbake er at dreneringstilskotet blei innført først sommaren 2013, og det blei knapp tid til utlysing og sakshandsaming. Ubrukte midlar i 2014 blir trekt inn.

Mogleg å få meir midlar i september

Fylkesmannen held tilbake kr 300 000 for å kunne fordele til dei kommunane som har størst behov. For å få tilskot frå tildelinga i haust må kommunane innan 1. september 2014 melde behov for tilskot, begrunna i aktuelle planar i kommunen.

Kommunen står for utlysing og sakshandsaming

Vi minner om at kommunen må lyse ut midlane og fastsette søknadsfrist. Det er utarbeidd eige søknadsskjema som skal brukast. Vedtak om tilskot skal fattast av kommunen.

Meir informasjon

Sjå meir informasjon på nettsida vår under tema tilskot.

Kommune	Kommunenr	Vedteke tilskot, kr		
		Frå rest 2013	Nytt 2014	Sum 2014
BERGEN	1201	54 000	42 000	96 000
ETNE	1211	136 000	48 000	184 000
SVEIO	1216	40 190	60 000	100 190
BØMLO	1219	24 340	18 000	42 340
STORD, FITJAR	1221, 1222	59 000	43 000	102 000
TYSNES, FUSA, SAMANANGER, OS	1223, 1241, 1242, 1243	122 900	100 000	222 900
KVINNHHERAD	1224	-	240 000	240 000
JONDAL	1227	27 000	15 000	42 000
ODDA, ULLENSVANG, EIDFJORD	1228, 1231, 1232	21 030	140 000	161 030
ULVIK	1233	9 015	19 000	28 015
GRANVIN	1234	27 000	15 000	42 000
VOSS	1235	5 015	348 000	353 015
KVAM	1238	16 250	144 000	160 250
AUSTEVOLL	1244	6 000	8 000	14 000
SUND	1245	2 000	4 000	6 000
FJELL	1246	4 000	6 000	10 000
ASKØY	1247	13 000	7 000	20 000
VAKSDAL	1251	11 000	22 000	33 000
MODALEN	1252	10 000	6 000	16 000
OSTERØY	1253	91 000	42 000	133 000
MELAND	1256	39 000	22 000	61 000
ØYGARDEN	1259	7 000	4 000	11 000
RADØY, AUSTRHEIM, FEDJE	1260, 1264, 1265	18 400	121 000	139 400
LINDÅS	1263	114 000	105 000	219 000
MASFJORDEN	1266	36 000	21 000	57 000
Sum		893 140	1 600 000	2 493 140
Rest til fordeling haust 2014			300 000	300 000

Med helsing

Åse Vaag
Ass. landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
Fylkesagronom jord- og hagebruk

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.